

# EMMS - kva er det?

LUDVIG MUNTHE

1990-åra er jubileumstiåret for mange viktige misjonstiltak. Ein kan berre nemna Misjonssambandet, Santalmisjonen og NMS sine 100, 125 og 150 år.

Mindre kjent er naturleg nok dei utanlandske misjonsframstøytane frå omlag same tid, resultatet av den store misjonsbylgja frå siste tiåret av 1700- til midten av 1800-talet. Her vil me peika på eit selskap som påverka både den prinsipielle tenkjing og den praktiske utforming av diakonien i norsk misjon og i Europa elles.

150-årsjubileet for legemisjonen *Edinburgh Medical Missionary Society* (EMMS), vart i november 1991 feira med stor deltaking frå skotske kyrkjer, frå universitet og medisinske fakultet, frå inn- og utanlandske misjonsselskap. EMMS sitt meldingsblad *The Healing Hand* har nett kome med utfyllande referat frå den storstilte feiringa.

I Storbritania er EMMS idag best kjend for reisinga og drifta av Nasaret-hospitalet. Arbeidet ved dette hospitalet står idag framfor nye og støtt større utfordringar, ikkje minst for skuld den store jødiske innvandringa til Israel frå det tidlegare Sovjetunionen. Den arabiske folkegruppa i området sine serlege problem er også støtt i leidinga sin tanke.

Trass alderen har hospitalet dei siste åra makta å fornya seg i samsvar med den skiftande situasjonen. Medan hospitalet tidlegare vart dreve av skotsk personale, har ein nå skaffa arbeid til ein del av dei ofte godt utdanna nyss invandra jødiske legane og sjukepleiarane frå Aust-Europa. Nasaret-hospitalet har i den samanhengen vore nytta av styresmaktene til å testa og plassera den medisinske kompetanse det innvandra helsepersonalet har. Det vitnar om kvalitet ved hospitalet og at kompetansen har skapt tillit.

Men så er då også Nasaret-hospitalet eit fullverdig og godt utbygd sjukehus. Gastro- og psykiatrisk avdeling er mykje bygde ut i seinare tid. Hjerte/lunge-klinikken er det lagd serleg store resursar inn i. På det feltet samarbeider misjonshospitalet med Rothschildinstituttet i Haifa.

Frå før har hospitalet avdelingar for generell medisin og for kirurgi, pluss ein seravdeling for ortopedisk og plastisk kirurgi. Hospitalet har også lange og stolte tradisjoner innan utdanning av helsepersonell. I 1990 hadde ein etter EMMS sitt meldingsblad 54 sjukepleiar-studentar i to ulike kompetansegrupper.

Ved sida av arbeidet i Nasaret sender EMMS medikament og medisinsk utstyr til kyrkjeleg diakoni i fleire land i den tredje verda. Medisinske studentar komme til Edinburgh frå misjonslanda, får gjerne stipend og tilbod om bustad på EMMS sitt internat og studiesenter i byen. Heilt frå starten i 1841 var dette sistnemnde ein viktig del av aktiviteten. I 1853 opna EMMS ei sjukestove og vart ein pådrivar også for skotske kyrkjer sin diakonale innsats i byen. Men heile tida har ein hatt misjonsmarkene i tankene.

Vår norske interesse for EMMS knyter seg serleg til sjukestova i Edinburgh og til utdanninga av misjonslegar som tok til der. Sume norske misjonslegar fekk deler av si utdanning hos EMMS i Edinburgh. Og på Madagaskar kom norsk legemisjon inn i eit nært og godt samarbeid med EMMS sine utsendingar dit. Ikkje mindre viktig for norsk legemisjon og diakonal innsats i det heile, var prinsippdebatten om diakonien som EMMS fekk i gang.

EMMS si sjukestova i Edinburgh vart etter berre kort tid gjort om til eit Training Institute som ga unge misjonslegestudentar ein del av den medisinske og åndelege utdanninga – heile tida i nært samarbeid med det medisinske fakultetet ved universitetet i byen. Studentane var innskrevne begge stader. I dette instituttet tok ein opp både dei medisinske og dei teologiske sidene ved kyrkja sitt helsearbeid.

Den skotske legen Andrew Davidson som i 1861 reiste til Madagaskar, hadde fått si utdanning i Edinburgh og rekna EMMS som sitt moderselskap, sjølv om han mykje av Madagaskar-tida var lånt ut til London-misjonen LMS. Dr. Davidson kjende seg så fri ansynes LMS at han ofte kom til å målbera frustrasjonar som også LMS-misjonærar kjende på, men som dei i loyalitet ikkje våga skriva heim om.

EMMS-bladet *Medical Missionary Journal* fylgjer gjennom 1860- og 70-åra opp dr. Davidson sine synsmåtar og orienterar om utfordringane og framgangen i Madagaskar-arbeidet. Heimeleidinga i Edinburgh gjer det for sin part også heilt klårt at dei reknar dr. Davidson som sin utsending. Det er difor med glede og byrgskap at bladet i 1863 kan fortelja at dr. Davidson er utnevnt til hofflege hos kongefamilien i Antananarivo.

Ved sida av det nemnde meldingsbladet, er det EMMS sine protokollar i Edinburgh som gir det beste og mest utfyllande biletet av den

diakonale utvikling i kyrkjene på Madagaskar, både i åra før og etter at norsk misjon kom i gang i 1867, og då dr. Borchgrevink som den første norske misjonslege var på plass i Antananarivo i 1869. I Edinburgh ligg materiale til kunnskap om både dr. Bochgrevink, dr. Guldberg og dr. Thesen og om størsteparten av norsk innsats i gassisk diakoni. Arkivet der som me hadde gleda av å finna att og berga, høyrer med til dei viktige kjeldene for norsk misjonsforskning.

Dr. Davidson, med EMMS sin økonomiske tryggleik i ryggen, tok i 1863 til med å reisa Madagaskar sitt første sjukehus – ferdig i 1865. Men ein noko ukritisk og raus bruk av midler som moderselskapet strengt tatt ennå ikkje hadde innvilga, og som slett ikkje LMS hadde gitt, skapte ei mengd problem for misjonslegen. For å løysa desse flokane tok EMMS i 1867, under eit av dr. Davidson sine heimeopphald, over sjukehuset i Antananarivo. LMS vart, etter avtalen som ein kom fram til, eigar av den første sjukestova dr. Davidson hadde reist og som framleis var i drift på Madagaskar. Dette skapte ro, i alle høve ei viss tid. Og straks han var attende i Antananarivo, stilte dr. Davidson opp for å hjelpa med drifta av sjukestova slik han alltid hadde gjort. I røynda vart det såleis EMMS som framleis dreiv også sjukestova. Etter avtalen frå 1867 vart stoda klårare for dr. Davidson på fleire måtar. Frå då av fekk han såleis si løn direkte frå EMMS og vart formelt stilt ennå friare ansynes LMS.

II. Det som serleg interesserar oss i norsk misjon nå ved EMMS sitt jubileum, er det nære samarbeidet som utvikla seg med dr. Davidson og hans moderselskap. Og då ikkje berre på Madagaskar.

Ein norsk legemisjonær fekk mesteparten av si utdanning ved EMMS sitt *Training Institute* og ved universitetet i Edinburgh. Dr. Christian Oftebro utsend til Sør-Afrika i 1876 var lenge den einaste misjonslegen i Zululand. Han studerte 4 år i Edinburgh under EMMS si leiding. Dette kunne i seg sjølv vera nok til at me her i landet nytta høvet til å takka og gratulera legemisjonsselskapet EMMS med jubileet.

Men samarbeidet EMMS/NMS tok til lenge før dr. Oftebro studerte i Edinburgh. Alt i 1864 hadde pastor Johan Cordt Harmens Storjohann, sjømannsmisjonen sin far, ein artikkel i Luthersk Kirketidende der han slår til lyd i Norge for den legemisjon som han hadde høyrte om og sett i Edinburgh. Han meiner at norsk ytremisjon målmedvete, lik EMMS, må ta denne arbeidsreidskapen i bruk på sine felt ute. Han peikar på eksemplet frå vår første misjonær, biskop Schreuder, som frå 1843 «medisinerte» seg inn i Sør-Afrika og gjennom sin diakonale innsats fekk tillit mellom folk, samstundes som han fekk visa ei av sidene ved gudsriket sine signingar. Pastor Storjohann held fram at ved sida av Schreuder var EMMS «augneopnaren» for diakonien i misjonen.

EMMS gir kyrkjene i Europa hjelp til «å gi med begge hendene», slik pastor Storhohann uttrykkjer det.

Pastor Storjohann sin innsats kom til å få stor innverknad på norsk misjon. Han var mellom dei som sterkast formidla kallet til cand. med. og cand. theol. Christian Døderlein Borchgrevink.

Straks dr. Borchgrevink var komen til Madagaskar i 1869 vart det slutta kontakt mellom han og dr. Davidson og såleis mellom NMS og EMMS. Dr. Borchgrevink hadde sjølv under si studietid vitja EMMS-instituttet i Edinburgh og møtt leidarane ved legemisjonsselskapet og fått sterke impulsar.

Dr. Borchgrevink fekk gjennom sitt kall og si gjerning vera til signing både for folket i hovedstaden Antananarivo og for kollegene spreidde krig på misjonsstasjonane på øya. Ved si milde venlege framferd gjorde han også inntrykk på dei andre europearane på Madagaskar. Ein samtidig engelsk journalist frå Mauritius karakteriserte, etter ei reportasje-reise til Antananarivo, dr. Borchgrevink som den mest populære europear på Madagaskar.

Ikkje minst synes samarbeidet mellom dr. Davidson og hans moderselskap på eine sida og dr. Borchgrevink og NMS på hi, å ha gått fint. Dei to misjonslegane gjekk frå første dag inn i eit nært fagleg samarbeid. Dette gjorde dr. Davidson til NMS si sterke støtte i vanskeleg byrjarår også for det evangeliserande arbeidet. LMS såg nemleg helst at dei kunne få vera åleine i hovedstaden og ville helst vera det einaste protestantiske misjonsselskapet på Madagaskar.

LMS vart meir og meir ståande utanfor samarbeidet mellom EMMS og NMS. Utan å la seg uroa av strategiske trekk og mottrekk i «kampen» mellom LMS og NMS om arbeidsfelt og om rett til å driva misjon, tok dr. Davidson og dr. Borchgrevink til å arbeida for å få i gang medisinsk undervising i misjonsregi med tanke på å gi utdanning til både gassiske legar og sjukepleiarar. Dette initiativet vekte stor begeistring i Noreg, ikkje berre i misjonskrinsar, men også i det medisinske miljøet i hovedstaden vår.

Plananene til dei to misjonslegane på Madagaskar var å få bygd eit norsk misjonshospital i Antananarivo, som då saman med det alt reiste britiske hospitalet kunne gi høve til forsvarleg dekkjing av den praktiske sida ved legestudiet. Dr. Borchgrevink venta likevel ikkje i årevis, som byggjinga ville ta, med å arbeida som lege. Lenge før debatten om eit stort norsk sjukehus kom i gang, hadde han byrja sin diakonale innsats. For å lindra naud og sjukdom hadde han faktisk alt frå sin aller første dag i Antananarivo vore i aktivitet som lege. Han hadde skaffa seg ei lita sjukestove der han tok imot tusenvis av pasientar kvart år. Men dette bygget var ikkje stort nok til «universitetshospital».

«Komiteen for den norske legemisjon» som talde fleire av dei lei-dande medisinarane i Noreg, tok på seg å hjelpa til med å få reist dette naudsynte større norske misjonshospitalet. Dei samla også inn og sende ut faglitteratur og kirurgisk utstyr. Komiteen betalte dertil utreisa for den første norske diakonissa på Madagaskar, Edvarda Christiansen. Ho gjorde ein stor innsats for å få det norske misjonshospitalet i funksjon.

Etter at det norske hospitalet også var teke i bruk, utvikla den medi-sinske skulen i Antananarivo seg fort frå The Royal Medical Missionary College til The Medical Missionary Academy. Denne institusjonen utdanna og sende ut dei første innfødde legane og sjukepleiarane på Madagaskar. Misjonslegane produserte i tillegg avanserte lærebøker i anatomi, kjemi, farmakologi, kirurgi og generell teoretisk og praktisk medisin. Summe av desse lærebøkene er store verk som t.d. dr. Davidson si *Practice of Medicine* på heile 700 sider.

Dei to norske misjonslegane som etter kvart kom ut for å styrkja sjukehuset, undervisinga og diakonien generelt, tok begge aktivt del saman med dr. Davidson og dr. Borchgrevink i produksjonen av lære-bøker, bøker som imponerar både med sitt typografiske utstyr og sin pedagogisk-faglege tyngde. Det som også gjer inntrykk når ein ser på den samla produksjonen av medisinsk litteratur, er den respekt misjonen har synt det gassiske språket ved å skriva bøkene på gassisk. Bøkene er sjølvsagt ikkje moderne nok, og difor ute av bruk idag, men dei er tekne vare på som klenodier av universitets- og kyrkjemiljøet på Madagaskar.

Dei nemnde legane som vart sende frå Noreg var dr. Carl Johan Guldberg som kom i 1876, og dr. Ove Jacob Roll Thesen som kom til Madagaskar i 1889.

Då Frankrike annekterte Madagaskar i 1896, overtok dei nye styres-maktene begge misjonshospitala med hus, utstyr og den medisinske skulen. Sidan bygde franskmennene vidare ut. Der er såleis ei direkte linje frå misjonshospitala og legemisjonærane sin utdanningsinstitusjon til det medisinske fakultetet ved Antananarivo universitet av idag. Dette er det full semje om på Madagaskar. EMMS og NMS har såleis ei ærerik fortid ved sin kyrkjelege diakoni i Antananarivo.

III. Det ein nå i jubileumsåra likevel gjerne helst vil minnst EMMS for, er prinsipp-debatten om diakoni kontra forkynning i misjonen som dette misjonsselskapet inspirerte til.

Debatten frå vår eiga tid om *heilen und predigen* starta i 1964 med ei stor serutgåve av *International Review of Mission*. Men dette er ein ganske annan debatt enn den EMMS i si tid sette i gang. Spørsmåls-stillinga i seinare år har vore korleis ein kunne få kyrkjene til å hjelpa fram ei omstrukturering av samfunna ute på misjonsmarkene. Ein har

sett på bridge i dei politiske samfunnssystema som føresetnad for løysing også av helseproblem. Sjølv om det er rett at endring av struktur, som det å ta bort undertrykkjning, også kan betra ibuarane si helse, vil ettertida likevel truleg sjå på dette ekumeniske forsøket på å få omskolert gamaldags kyrkjeleg diakoni som meir å vera ideologisk/politisk enn teologisk inspirert.

Kyrkjene engasjert i praktisk misjon har i liten mon late seg overtyda om at tilvand kyrkjeleg diakoni var avleggs. Ein har derimot etterlyst den teologiske basis for dei nye ideane og peika på at ein ikkje kan strukturera bort synda og det vonde som øydelegg sjølv dei finaste samfunnssystem. Ein har gong på gong sett at politisk frigjering frå undertrykkjning kan føra til ny og kanskje endå verre undertrykkjning. Kyrkja skal arbeida mot all urettvisa. Men me veit samstundes at så lenge me er her på jord, set einskildmenneska att med problem som sorg, sjukdom, død. Verda vil alltid ha bruk for det kyrkja kan tilby av bibelsk diakonal hjelp, dette som misjonens Herre har pålagt å gi som ei av sine velsigna gåver.

Debatten om diakoni som EMMS drog i gang frå midten av førre århundre, var ganske annleis teologisk orientert enn det sistnemnde og vart difor, trass veike sider, av varande verdi for misjonen. EMMS engasjerte og inspirerte framstående medisinarar og teologar til å ta opp basisspørsmål omkring tilhøvet mellom diakoni og forkynning.

Alt i 1848 presenterte EMMS resultatata frå eit seminar dei arrangerte der dette emnet var sterkt framme. I rapporten *Lectures on Medical Mission* slår James Miller, ein framstående britisk professor i medisin, fast diakonien sin sjølvstendige og sentrale plass i ein rett misjon. Ein av setningane frå hans foredrag nytta sidan EMMS som karakteristikk for sitt grunnsyn: «Misjonæren går med begge hendene rekte ut. Venstrehandta gir helse og omsorg for lekamen. Høgrehandta tilbyr Ordet og evig liv for den døyande sjela.» Diakonien fortrengrer ikkje proklamasjonen, men får ein likestilla posisjon med forkynninga, slik at heile Guds gåve til menneska skal kome til syne.

Nett desse synsmåtane som framleis på 1860-talet vart haldne fram i Edinburgh, tiltala pastor Storjohann slik at han trass sin reaksjon på visse reformerte synsmåtar han fann i Edinburgh, rådde norsk misjon til å søkja samarbeid med EMMS. Ja, han hadde endåtil før han skreiv artikkelen i Luthersk Kirketidende og før sine mange foredrag om saka og utan oppmoding frå nokon norsk instans, «tinga plass» ved instituttet i Edinburgh for norske misjonslegestudentar.

På 1870-talet då norsk legemisjon var komen godt i gang på Madagaskar, fann desse EMMS-synsmåtane full støtte også i legemisjons-

miljøet der ute. Rett nok seier dr. Borchgrevink som jo var prest og lege, ved eit høve at hans pastorale oppgåve var den største. Men samstundes legg han til at han nyttar mest heile si tid på legetenesta og anna diakonalt arbeid.

Skulle dr. Borchgrevink ikkje ha fått klårleik over spørsmålet før, veit me at han på 1890-talet då debatten blussa oppatt både i Europa elles og i Noreg, var heilt klår. I 1889 kom nemleg professor Theodor Christlieb si bok *Ärztliche Missionen* (omsett til norsk i 1895). Dette var også eit arbeid inspirert av EMMS. Denne boka skapte klare linjer hos mange.

Christlieb forma spørsmålsstillinga litt annleis enn under den tidlegare debatten, nemleg: Korleis er det med «Den Troende Forbøns Magt» i relasjon til bruk av medisiner. Men i røynda går det her på same sak: om diakonien har ein sjølvstendig og likestilt plass ansyns forkyninga i Guds hushald.

Christlieb seier eit fulltonane ja til den truane bøna. Han me ber til kan gjera under. Men samstundes peikar Christlieb på at Gud ikkje skiljer sine barn ut frå verda. Alt sidan syndefallet finst lidning og død. Desse ulukkene som råkar både Guds barn og heile skapninga, vil Gud i sin kjærleik og etter si omsorg lindra, hjelpa og heila. Slik Jesus demonstrerte Guds omsorg og kjærleik ved å lekja sjuke og hjelpa dei hjelpelause, slik skal også kyrkja i sin misjon leggja vekt på diakonien.

Christlieb si bok vart mykje lesen av misjonslegane på Madagaskar. Nå hadde også dr. Borchgrevink arbeidd seg fram til eit avklåra syn. I sine artiklar og foredrag under heimeopphald siterte han ofte Christlieb og anna EMMS-litteratur. Dr. Borchgrevink seier seg nå klårt samd med kollega Davidson sine praktiske reaksjonar på debatten. Dr. Davidson samla eit 50-tals unge kvar veke til «oppbyggelse». Han omsette endåtil ei katekisme til bruk for dei unge. Men samstundes sloss han for diakonien sin sjølvstendige plass og avviser at arbeidet som misjonslege berre er noko *subsidiary* på linje med det ein boktrykkjar gjer i misjonen. Dr. Borchgrevink nyttar nå omlag same orda.

Også i Noreg fekk EMMS-synsmåtane jamnt over tilslutning. Den norske komiteen for legemisjonen sende i 1893–94 ut materiale til presentasjon av denne arbeidsgreina. Stud.med. Jørgen Edvard Nilssen som styrde pennen i eit av skriva, syner nett til Christlieb. Skrivet inneheld klår forståing av at synda øydelegg sjel og lekam og skader samfunn og heimar. «Difor er syndsforlatinga som me vert tilbydd gjennom forkyninga av Ordet og lekjing av lekamen gjennom kyrkjeleg diakoni, berre to sider ved den eine og same sak».

Truleg pressa av det tilvande synet på misjonæren som eine og åleine forkynnaren, og ivrig etter å få legemisjonen anerkjent i dei indre kretsar

i misjonsmiljøet, har artikkelforfattaren strekt seg lenger enn han burde, når han seier at legemisjonen likevel berre skal vera eit hjelpemiddel til den eigentlege oppgåva: «å nå sjelene med åndeleg helbredelse ved å forkynne Ordet». Ennå meir uheldig var det sikkert då han ved eit anna høve hevda at ein legemisjonær til China måtte ha minst to års språkstudium før han kunne ta fatt på arbeidet. Utan det ville han berre vera ein vanleg lege i China.

Denne utsegna vart i 1906 fylgd opp av eit spørsmål frå «Teolog» – noko som førde til ein interessant debatt i studentbladet *Excelsior* som truleg avklåra det heile. Alt tyder på at debattantane i byrjinga hadde tala forbi einannan. Det står fast at norsk misjon på alle våre misjonsmarker, saman med EMMS, har sett på diakonien som ei sjølvstendig Guds gåva ved sida av evangeliet om frelse og tilgjeving for syndene.

«Venstrehandsmisjonen» har sin legitime og sentrale bibelske plass.

(For nærare studium om desse spørsmåla, sjå vårt hefte *Venstrehandsmisjon?* Luther forlag, 1985, gitt ut med støtte frå Kr. legeförening. Om forviklingane mellom LMS og NMS på Madagaskar, sjå Fridtjov Birke-li: *Politikk og misjon*, Egede Instituttet Gimnes Forlag, 1952.

*Ludvig Munthe*, f. 1920, cand. theol. MS 1946, Licence en Theologie (Paris) 1957. Misjonsprest på Madagaskar (NMS) 1946 – 65, lærer på Misjonsskolen (1966 – 75), professor på MF (1977 – 87). Diverse bøker og artikler om misjonsteologiske emner

## **EMMS**

In connection with the 150 th anniversary of the EMMS (Edinburgh Medical Missionary Society), the author presents its, main activity today, its influence on medical mission starting up in various European countries, its cooperation with the Norwegian Missionary Society, its training of Malagasy nurses and doctors, and its contribution to the debate on *heilen und predigen*.